



Verdas beste vesle Selje 2030

Program

«Selje 2030» 16. oktober 2020

Kl 16.00 Velkomst/innleiing

v/ordførar Alfred Bjørlo og kommunalsjef Kristine Dahl

Kl 16.10 Selje Næringsforening

«Vår draum for Selje» v/ styreleiar Oddvar Flølo

Kl 16.25 Stad kommune

- Kloster- og pilegrimssatsinga; Ny bruk av Selje prestegard med meir v/ Gerd Fløde Bjørlo
- Politiske saker om symjehall, fleirbrukshall og flytting av legekontor: Tilrådingar til politikarane og bakgrunnen for desse tilrådingane v/ Kristine Dahl.

Kl 16.45 Selje hotell Invest

- Status for arbeidet med nytt hotell. Presentasjon av moglegheitstudie for nytt hotell v/ investorgruppa entrepenør HENT og arkitekt LINK

Kl 17.15 Stad kommune/Stadutviklaren

- Framtidsbilete for Selje 2030 v/ Vicente Ferrando og Kristine Dahl

Kl 17.25 Andre aktørar

Korleis kan vi skape eit betre framtidig Selje?

- Selje idrettslag
- Blåmyra

Kl 17.35: Ordet fritt

Møteslutt seinast kl 18.15



Stad kommune

Nordfjordeid 2015: Nordfjordeid 2020



Stad kommune



🔒 fjt.no



**Har landet så mange
kontrakter at de må
rekruttere flere
systemutviklere 🇳🇴**



PANEDA®

Sak om sal av helsesenteret i Selje




Stad kommune

Bakgrunn

Selje Hotell Invest (SHI) ønskjer å kjøpe helsesenteret i Selje.

SHI har overteke eigedommane på begge sider av helsesenteret, og plasseringa av det kommunale bygget er til ulempe for ei samla utvikling av strandsona langs Seljesanden.

Stad kommune må ta stilling til om det er aktuelt å selje helsesenteret, og kva konsekvensar dette har for dei kommunale tenestene i området.



Sak om sal av helsesenteret i Selje

- Forslag til romprogram og alternativ for ny lokalisering



Stad kommune



Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Stad kommune ønskjer å utvikle lokalsamfunna sine i samspel med lokale aktørar. Kommunestyret ser at dagens plassering av Selje helsesenter vil vere til hinder for ei framtidsretta utvikling av strandsona i Selje. Det er viktig at dette området vert frigjort til formål som kan fremje reiseliv, turisme og lokal samfunnsutvikling. Stad kommunestyre stiller seg positive til å frigjere helsesentertomta til Selje Hotell Invest AS.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å utarbeide framlegg til avtale med Selje Hotell Invest AS. Avtalen skal leggjast fram for kommunestyret til godkjenning.
3. Kommunedirektøren får i oppdrag å utgreie økonomiske og praktiske konsekvensar ved flytting av legesenter og helsestasjon. Nødvendige finansieringsvedtak vert gjort i samband med vedtak av Budsjett 2021 og Økonomiplan 2022-24.

Sak om symjebasseng og fleirbrukshall i Selje




Stad kommune

Bakgrunn

Stad kommunestyre sitt vedtak frå februar 2020

- Det vert utarbeidd rom- og funksjonsprogram med kostnadsoverslag og, evt skisser for symjebasseng, og fleirbrukshall i nærleiken av Selje skule. Brukarane (elevar/skule, idrettsorganisasjonane, m.fl) skal vere involvert i prosessen.
- Det vert søkt etter samarbeidspartar, som kan vere interessert i eit samarbeid om realisering av symjebasseng i Selje. Resultat av drøftingar mv., samt økonomiske, administrative- og organisasjonsmessige konsekvensar skal vurderast.



Sak om symjebasseng og fleirbrukshall i Selje



Stad kommune

Kva er gjort?

- Det er utarbeidd rom- og funksjonsprogram med kostnadsoverslag og for symjebasseng, og fleirbrukshall i nærleiken av Selje skule.
- Vurdert plassering for fleirbrukshall og basseng.



Sak om symjebasseng og fleirbrukshall i Selje



Stad kommune

Kva er gjort?

- Det er søkt etter samarbeidspartar, som kan vere interessert i eit samarbeid om realisering av symjebasseng i Selje.
- Resultat av drøftingar og økonomiske, administrative- og organisasjonsmessige konsekvensar er vurderert

Selje SYMJEBASSENG

INVITASJON TIL DIALOGKONFERANSE - samarbeid om symjebasseng

Dialogkonferanse:
Konferansen vert gjennomført som videokonferanse.

Dato:
15. April kl. 10.00

Påmelding:
Innan 10. april til torfinn.myklebust@stad.kommune.no

Kontaktinfo:
Torfinn Myklebust
Tlf 481 49 494
E-post: torfinn.myklebust@stad.kommune.no

Kristine Dahl
Tlf 905 36 157
E-post: kristine.dahl@stad.kommune.no

Stad kommune
- søker etter samarbeidspartar som kan vere interesserte i eit samarbeid om realisering av basseng i Selje.

SAMARBEID –er du/de interessert?
Har di bedrift eit prosjekt der det ligg til rette for samarbeid om etablering av nytt basseng?

Stad kommune ønsker velkomen til dialogmøte med leverandørar, entreprenørar og andre som som kan gi oss kunnskap om mulighetsrommet for alternative løysingar og samarbeid for etablering av nytt basseng.

Parallelt med denne prosessen, vil kommunen vil kommunen sjå på moglegheitene for å etablere symjebassenget i tilknytning til ny kommunal fleirbrukshall.

FRAMDRIFT:

- **DIALOGKONFERANSE 15.april kl. 10.00**
Konferanse der Eid kommune presenterer sine ønskjer og dei interesserte kjem med innspel og spørsmål mv.
- **EIN TIL EIN KONFERANSE VEKE 17**
Møte mellom interesserte og kommunen for å drøfte muligheter og avgrensingar
- **LØYSINGER – LEVERINGSFRIST 15.mai kl. 12.00**
Dei som er interesserte leverer sine innspel til kommunen

Stad kommunestyre skal få ei statusoppdatering på møte i juni. Vidare utgreiing og drøftingar vil skje utover sommaren og hausten. Kommunestyret skal gjere endelege val 29.oktober 2020.

Sak om symjebasseng og fleirbrukshall i Selje



Stad kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Stad kommunestyre ynskjer å realisere ein ny symjehall i Selje gjennom samarbeid med private aktørar/næringsbygg i Selje sentrum. Dette for å oppnå størst mogleg samfunnsverknader av ein ny symjehall, til beste for framtidig utvikling av Selje som ein attraktiv stad å bu, drive næring og besøke. Kommunestyret tek også til vitande at det ikkje er vesentlege innsparingar ved å samlokalisere ein ny symjehall med ein fleirbrukshall, og at det pr i dag ikkje er økonomisk handlingsrom til å realisere begge prosjekta samtidig.
2. Kommunestyret legg til grunn for ny symjehall eit netto romprogram på 1428 m2, og ei nettoutgift (omsyntatt spelemidlar og momsrefusjon) på kr 70.000.000,-.
3. Prosjektet vert å lyse ut på anbod snarast mogleg. Tilbodet skal omfatte både bygg og tilgang på tomt, med lokalisering i Selje sentrum.
4. Dersom tilbodet ikkje kan realiserast på grunn av høge kostnader, eller bygging ikkje kan starte innan 01.09.2021, vert modellen med samarbeid med private aktørar kansellert. Symjebassenget skal då byggjast samlokalisert med ein framtidig fleirbrukshall.
5. Nødvendige finansieringsvedtak knytt til realisering av ny symjehall vert gjort i samband med vedtak av Budsjett 2021 og Økonomiplan 2022-24.
6. Lokalisering av fleirbrukshall vert fastsett som del av arbeid med ny reguleringsplan for Selje sentrum. Det vert i samband med dette også arbeidd vidare med å fastsetje endeleg rom- og funksjonsprogram for fleirbrukshall.